



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokn

Askvoll kommune, med over 3000 innbyggjarar, ligg ytst i Sunnfjord i vakker vestlandsnatur. Det er to daglege ekspressbåtagangar sørover til Bergen (2,5 t) og nordover i fylket. Det er kort veg til Dale (20 min) og Førde (1 t) med bil. Det er god barnehagedekning i kommunen og eit godt servicetilbod i sentrum.

Frå 1. november 2017 har vi ledig stilling som KANTOR/ORGANIST 70 % fast stilling

Det er årleg om lag 84 gudstenester i soknet fordelt på seks faste gudstenestestader. I tillegg er det årleg om lag 50 gravferder og vigslar i soknet. Vi har eit kyrkjeor, men for tida ligg dette koret nede. I tillegg ønskjer vi å få etablert eit barneor i kyrkjelyden. I Kvammen har vi 4 faste musikkveldar årleg. I Askvoll kyrkje er vi godt utstyrt med instrument og lydutstyr til bandverksemd etc.

På kyrkjekontoret har vi faste kontorplassar til kyrkjevevje, kyrkjeseekretær, prosjektmedarbeidar, sokneprest, organist og trusopplærar.

For rett kvalifisert søkjar (pedagogisk og musikkfagleg), kan det verte aktuelt å inngå eit samarbeid med kommunal kulturskule/skule for å utvide stillingsstorleiken.

Arbeidsoppgåver:

- Leie og utvikle det kyrkjemusikalske arbeidet i soknet.
- Musikalsk ansvar for gudstenester og kyrkjelege handlingar.
- Korleiing (barne- og vaksenkor).
- Medverke i andakter på Askvollheimen.
- Deltaking i kyrkja sitt kulturarbeid, medrekna konsertverksemd.
- Kontakt og samarbeid med lokalt musikkliv.
- I nokon grad vil den som vert tilsett medverke til å fastsetje stillingsinnhaldet .

Vi ynskjer ein person som:

- Har formelle kvalifikasjonar, jamfør tenesteordning for kantorar (annan relevant utdanning og praksis vil kunne bli vurdert).
- Meistre norsk flytande, munnleg og skriftleg.
- Gode samarbeidsevner, både med tilsette og frivillige.
- Evne til å arbeide strukturert, aleine og i team.

Opplysningar om stillinga:

- Løn etter kvalifikasjonar etter gjeldande tariffavtalar i KA sitt tariffområde.
- God pensjonsordning i KLP. Det vert trekt 2% pensjonsinnskot.
- Kontorplass på kyrkjekontoret i Askvoll sentrum i triveleg kollegafellesskap.
- Arbeid på kveldstid og i helgar vert godtgjort særskilt ihht. tariffavtale.
- Søkjar må vere medlem av Den norske kyrkja
- Søkjar må disponere bil (skyssgodtgjersle)

For nærare opplysningar om stillinga, ta gjerne kontakt med kyrkjeverje:

Rune Ziener m. 479 63 319 E-post: kyrkjeverje@askvoll.kyrkja.no

Søknad med CV og kopi av vitnemål og attestar kan sendast på e-post eller post til:

kyrkjeverje@askvoll.kyrkja.no

Askvoll sokn
Postboks 14
6988 Askvoll

Søknadsfrist: 15. september 2017